

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på det blir utarbeidd ein strategi for folkemusikk og folkedans. Vi føreset at arbeidet med strategien vil bidra til å styrke og utvikle feltet på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
2. Folkemusikken og folkedansen sin eigenart må vektleggast i tiltak og verkemiddel. Det er eit felles ansvar å sikre gode rammevilkår for organisasjonar og institusjonar, og ansvar må plasserast på alle forvaltningsnivå.
3. Det er behov for fleire arenaer der barn og unge får møte folkemusikken og folkedansen i regi av både organisasjonar, institusjonar og det offentlege. Kulturskulane bør stå sentralt i opplæring, gjerne med distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk og folkedans knytt til seg. Ein må sikre utdanningsløp innan høgare utdanning for både folkemusikk og folkedans.
4. Det er behov for å etablere ein overordna nasjonal struktur som sikrar ei naudsynt oversikt over den samla samfunnsdokumentasjonen som lokale og regionale arkiv forvaltar på feltet. Ein nasjonal institusjon bør få mandat til å utvikle og drifte eit fagsystem med publiseringsløysing. Vidare er det behov for ei utgreiing av kva moglegheiter folkemusikkarkiva har til å gjere dokumentasjonen tilgjengeleg for ålmenta.
5. Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Møteplassar som stimulerer mangfald og inkludering må difor vektleggast.
6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innspelet til arbeidet med strategi for folkemusikk og folkedans, og at saka med vedlagt notat vert oversendt kulturdepartementet.

Kultur, idrett og inkludering

Saksframlegg

2020/59241-3

Saksnr: Eva Kristin Svidal, Tone
Saksbehandlar: Stedal Haugland, Øyvind
Lyslo, Synnøve S. Bjørset**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Innspelet til strategi for folkemusikk og folkedans frå Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på det blir utarbeidd ein strategi for folkemusikk og folkedans. Vi føreset at arbeidet med strategien vil bidra til å styrke og utvikle feltet på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
2. Folkemusikken og folkedansen sin eigenart må vektleggast i tiltak og verkemiddel. Det er eit felles ansvar å sikre gode rammevilkår for organisasjonar og institusjonar, og ansvar må plasserast på alle forvaltningsnivå.
3. Det er behov for fleire arenaer der barn og unge får møte folkemusikken og folkedansen i regi av både organisasjonar, institusjonar og det offentlege. Kulturskulane bør stå sentralt i opplæring, gjerne med distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk og folkedans knytt til seg. Ein må sikre utdanningsløp innan høgare utdanning for både folkemusikk og folkedans.
4. Det er behov for å etablere ein overordna nasjonal struktur som sikrar ei naudsynt oversikt over den samla samfunnsdokumentasjonen som lokale og regionale arkiv forvaltar på feltet. Ein nasjonal institusjon bør få mandat til å utvikle og drifte eit fagsystem med publiseringsløysing. Vidare er det behov for ei utgreiing av kva moglegheiter folkemusikkarkiva har til å gjere dokumentasjonen tilgjengeleg for ålmenta.
5. Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Møteplassar som stimulerer mangfald og inkludering må difor vektleggast.
6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innspelet til arbeidet med strategi for folkemusikk og folkedans, og at saka med vedlagt notat vert oversendt kulturdepartementet.

Samandrag

Kulturdepartementet har starta arbeidet med ein strategi for folkemusikk og folkedans, og ber no om innspel til dette arbeidet.

Folkemusikk- og folkedansfeltet har historisk stått sterkt i Vestland fylke. I Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 – 2027 vert folkemusikken sin plass i kulturlivet framheva, og ein skal sikre at folkemusikkstillingar vert integrert i distriktsmusikarordninga. I Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 vert det lagt vekt på at Hordaland har ansvar for den immaterielle kulturarven, inkludert folkemusikk og –dans. Ein tek eit spesielt ansvar for å føre vidare og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiske kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare. Fylkesdirektøren ser det som viktig å ta vare på, styrke og vidareformidle tradisjonane frå heile fylket. Med bakgrunn i dette vurderer fylkesdirektøren det som viktig å komme med innspel til strategiarbeidet for folkemusikk og folkedans.

Departementet har sett opp fem punkt dei særleg ønskjer innspel til. Punkta dekkjer politikk og forvaltning, opplæring og kompetanseheving, bevaring og arkivering, forskning, formidling og tilgjengeleggjering og internasjonalt samarbeid. Fylkeskommunen forvaltar ulike ordningar på regionalt nivå som er relevante for folkemusikk- og folkedansfeltet. Vi har tilskotsordningar til drift, prosjekt og tiltak, ansvar for DKS og UKM, fylkesarkiv med eit eige musikkarkiv og musikarordningar med folkemusikk. I tillegg har fylket sterke institusjonar, som m.a. Førdefestivalen, og Ole Bull Akademiet, som gjer eit viktig arbeid for feltet også nasjonalt. Vestland fylkeskommune vurderer at det i Vestland fylke er mange viktige og gode tiltak og ordningar som styrkar feltet, og som også kan vere modell for andre regionalt og nasjonalt.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har starta arbeidet med ein strategi for folkemusikk og folkedans, og ber no om innspel til dette arbeidet. Føremålet med strategien er å belyse problemstillingar, verkemiddel og tiltak for feltet i lys av overordna kulturpolitiske mål i kulturmeldinga St.meld.8 (2018-2019) Kulturens kraft.

Strategien vil tydeleggjere staten sitt ansvar og oppgåver på feltet, og skissere verkemiddel som kan bidra til å betre nå mål. Staten har eit særskilt ansvar for å ivareta dei tradisjonsbærande kulturuttrykka, fordi dette er ein del av vår felles kulturarv. Strategien vil ta utgangspunkt i den tradisjonelle folkemusikken og folkedansen, og samtidig komme inn på korleis utrykka vert påverka av andre sjangrar, tida vi lever i og samfunnets demografiske utvikling. Frist for å sende inn innspel til arbeidet er 30. november 2020.

Folkemusikk og folkedans har historisk stått sterkt i Vestland fylke. Tradisjonen er variert med musikk og dans knytt til både hardingfele, vanleg fele og andre instrument. Ein har også ein sterk og variert vokal tradisjon. Vestland fylkeskommune ser det som viktig å ta vare på, styrke og vidareformidle tradisjonane frå heile fylket.

I Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 – 2027 vert folkemusikken sin plass i kulturlivet framheva, og ein skal sikre at folkemusikkstillingar vert integrert i distriktsmusikarordninga.

I Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 vert det lagt vekt på at Hordaland har eit ansvar for den immaterielle kulturarven, inkludert folkemusikk og –dans. Ein tek vidare eit spesielt ansvar for å ivareta og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiske kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare.

Vestland fylkeskommune ønskjer å ta vare på kulturarven og at den er relevant og blir brukt aktivt i samfunnet. Folk med ulik bakgrunn og historie skal kunne delta, bidra og ha glede av folkemusikken og -dansen.

Folkemusikken og folkedansen er ein viktig del av musikkfeltet i Vestland fylke. I sak 130/2020, Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland, vart det gjort vedtak om at musikkfeltet skal utviklast vidare som del av arbeidet med ny kulturplan for Vestland fylke.

Med bakgrunn i dette vurderer fylkesdirektøren det som viktig å komme med innspel til strategiarbeidet for folkemusikk og folkedans.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. Vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Departementet har sett opp fem punkt ein særleg ønskjer innspel knytt til:

- Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?
- Korleis kan det best leggest til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?

- Korleis kan det best leggest til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet?
- Korleis kan ein best legge til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?
- Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Fylkeskommunen forvaltar ulike ordningar på regionalt nivå som er relevante for folkemusikk og folkedansfeltet. Vi har tilskotsordningar til drift, prosjekt og tiltak, ansvar for DKS og UKM, fylkesarkiv med eit eige musikkarkiv og muskarordningar med folkemusikk. Fylkesdirektøren ser det difor som naturleg å komme med innspel knytt til alle punkta departementet har sett opp.

Fylkesdirektøren meiner at Vestland fylke har mange viktige og gode tiltak og ordningar som styrkar feltet, og som også kan vere modell for andre regionalt og nasjonalt.

Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?

Ein strategi for folkemusikk og folkedans må ta utgangspunkt i folkemusikken og – dansen sin eigenart. På dei tradisjonelle møteplassane er det lite avstand mellom utøvar og publikum, ein er alle deltakarar. Folkemusikken og folkedansen er hovudsakleg ein sosial praksis. Dette må ligge til grunn for tiltak og verkemiddel retta mot feltet. Folkedansen som sosial samværsform står svakt med få arenaer for utøving og stort behov for rekruttering. Her er det behov for å ta grep.

Vestland fylkeskommune har etablert ei eiga stipendordning for folkemusikk. Stipendordninga kan tildelast muskarar, songarar, dansarar og dei som arbeider med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging. Ein har pr. i dag ikkje eit tilsvarende verkemiddel nasjonalt. Det er heller ikkje andre ordningar retta spesielt mot feltet frå staten eller kulturrådet si side. Det er difor behov for at ein ser på eksisterande ordningar med blikk på folkemusikk- og folkedansfeltet sine behov.

Vestland fylkeskommune samarbeider med fire vertskommunar om fem folkemusikkstillingar som del av distriktsmuskarordninga. Stillingane inneheld 50% utøving og 50% undervisning i kulturskular. 75% av stillingane er finansiert av vertskommunane medan fylkeskommunen finansierer 25% som utgjør 50% av utøvardelen. I utøvardelen yter ein tenester til ulike kulturaktørar i fylket. Ordninga er med på å sikre rekruttering på folkemusikken sin premisser og gjev profesjonelle utøvarar høve til å bruke kompetansen sin i fylket.

Vestland fylkeskommune har også teke ansvar for oppgåva med å forvalte dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar på regionalt nivå. I dag ligg tenesta til avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon arkiv. Ved bruk av ny teknologi har vi etablert [Webarkiv for musikk](#), der publikum kan gjere søk i tradisjonsmusikksamlinga med over 15 000 lydopptak. Dette materialet tener som kunnskapsgrunnlag og inspirasjon for ei rekkje ulike brukargrupper, og er stadig del av både forskings- og formidlingsprosjekt. Fylkesarkivet yter dessutan rådgjevingstenester til både brukarar og innsamlarar/arkivskaparar.

For å best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere til mangfald og fornying, er det viktig at ansvaret blir fordelt og plassert på både lokalt, regional og nasjonalt nivå. Gjennom driftstilskot til regionale institusjonar og organisasjonar i Vestland, er fylkeskommunen med på å sikre aktivitet, formidling og rekruttering. Organisasjonar og

institusjonar på regionalt nivå er igjen avhengig av at staten tar eit ansvar nasjonalt og sikrar nasjonale organisasjonar og institusjonar gode rammevilkår. Vidare må kommunane ta eit ansvar for å sikre gode vilkår for folkemusikken og folkedansen i eige område. Ei styrking av kulturskulane si rolle i opplæring står sentralt.

Førdefestivalen, Vossajazz og Osafestivalen er viktige arrangement for feltet med både regional, nasjonal og internasjonal betydning. Det er viktig at desse får gode rammevilkår for arbeidet sitt også vidare. Prosjektet Hardingfela.no, drive av Hardanger og Voss museum og Ole Bull akademiet, har potensiale til å bli utvida til å dekke ein større del av fylket og ligg inne med ei løyving i forslaget til statsbudsjett for 2021. Det er også fleire museum som tek eit ansvar for folkemusikk og –dans og som særleg kan spele ei rolle i samarbeid med andre aktørar i feltet.

Det er viktig med eit godt utbygd arrangørnettverk for heilårlege arrangement. Her kan festivalar ta eit større ansvar for feltet. På mindre stader kan det vere naudsynt med sjangeroverskridande arrangørar.

Det bør også sjåast på kva rolle regionale kompetansesenter kan spele for folkemusikkfeltet. I Vestland har vi Brak, som skal dekke ulike musikksjangrar – inklusive folkemusikk. Då det i 2017 vart gjort ei gjennomgang av dei regionale kompetansesentera for musikk såg m.a. Vestnorsk jazzsenter eit potensiale for å kunne inkludere folkemusikkfeltet i sitt verkeområde. Desse regionale kompetansesentera kan vere ei støtte både for musikarar og arrangørledd.

Bergen dansesenter er eit regionalt kompetansesenter for dans som også kan ta eit regionalt medansvar for folkedansen. Dei har alt i dag etablert samarbeid med mellom anna hardingfela.no. Senteret ønskjer også å etablere eit formidlingsnett for dans i Vestland der folkedansen også bør ha ein plass. Det er eit ønske frå Vestland fylkeskommune at Bergen dansesenter får eit større regionalt ansvar for dansefeltet i Vestland fylke.

Konklusjon

Folkemusikken og folkedansen sin eigenart må vektleggast i tiltak og verkemiddel. Ansvar må plasserast på alle forvaltningsnivå, samtidig som ein må sikre gode rammevilkår for organisasjonar og institusjonar som er eit felles ansvar.

Korleis kan det best leggast til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?

For å sikre rekruttering og opplæring innan folkemusikk og folkedans treng ein verkemiddel knytt til dette. Både organisasjonar, institusjonar, kulturskulen, vidaregåande skular og DKS er viktige i arbeidet. Ein treng arenaer der barn og unge kan møte folkemusikken og folkedansen for å bli inspirert, få kunnskap og opplæring. Ved å leggje til rette for opplæring på folkemusikkinstrument og folkedans i kulturskule og vidaregåande skule (musikk, dans, drama), og ved å styrke folkemusikk og folkedans i tilbodet i Den kulturelle skulesekken, vil ein kunne inspirere barn og unge til å ta ein meir aktiv del i sin eigen immaterielle kulturarv.

I Vestland fylke er det i dag fem folkemusikkstillingar som del av ei distriktsmusikarordning. Gjennom denne ordninga er fylkeskommunen saman med vertskommunane med på å sikre opplæring i folkemusikk i utvalde kulturskular i fylket. Folkemusikkmiljøet har gitt tilbagemelding om at det også er ønskeleg med distriktsmusikarstillingar innan folkedans, gjerne med eit større regionalt arbeidsområde. Rekrutteringa til folkedansen står svakt, og stillingar knytt til opplæring og formidling vil vere med på å sikre eit opplæringstilbod.

I arbeid med opplæring og kompetanseheving står også folkemusikkarkiva sentralt. Samlingane inneheld ein brei dokumentasjon av historiske og notidige praksisar, og kan

såleis tene som kunnskapsgrunnlag og inspirasjon for både eleven, studenten, pedagogen og forskaren. I lys av dette er det svært viktig at arkiva har verktøya og ressursane dei treng for å registrere og gjere materialet tilgjengeleg. Fylkesarkivet i Vestland har løyst sine behov for registreringsverktøy og publiseringsløyning med Webarkiv for musikk, og har med dette etablert ein digital plattform som gjer materialet betre tilgjengeleg for dei ulike brukargruppene. Vi kjem nærare inn på dette under spørsmål knytt til bevaring og arkivering.

For å sikre opplæring og kompetanseheving er det naudsynt at folkemusikken og folkedansen får ein styrka status innan både høgskule og universitet. Pr. i dag er det ikkje mogleg å ta høgare utdanning innan folkedans, medan det innan folkemusikk er fleire utdanningsløp. Staten bør legge føringar på korleis folkemusikken og folkedansen sin plass på alle nivå i utdanningssystemet skal sikrast.

Konklusjon

Det er behov for fleire arenaer der barn og unge får møte folkemusikken og folkedansen i regi av både organisasjonar, institusjonar og det offentlege. Kulturskulane bør stå sentralt i opplæring, gjerne med distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk og folkedans knytt til seg. Ein må sikre utdanningsløp innan høgare utdanning for både folkemusikk og folkedans.

Korleis kan det best leggest til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet? Korleis kan ein best legge til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?

I Vestland er det fleire institusjonar som forvaltar samlingar med dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar. Vestland fylkeskommune utøver sitt regionale ansvar gjennom musikkarkivet, som organisatorisk ligg til seksjon arkiv, avdeling for kultur, idrett og inkludering.

Folkemusikkarkiva i Vestland deler mange av dei same utfordringane som feltet elles i landet, og dels kan vi forstå utfordringane som resultat av korleis feltet er organisert og kva ressursar det rår over.

Materialet i samlingane representerer kvar for seg og samla ein svært viktig dokumentasjon av kulturarven vår, både i bevaringsperspektivet og endringsperspektivet.

Det er viktig å sikre at lokale, så vel som regionale aktørar, har dei nødvendige verktøya og ressursane for å ta vare på og gjere tilgjengeleg samfunnsdokumentasjonen på feltet.

Vestland fylkeskommune vil peike på særleg tre utfordringar som må bli løyst for å få mest mogleg effektiv bevaring av relevant kjeldemateriale, og for korleis ein kan legge til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av materialet:

1) Fagsystemet FIOLO, som dei fleste folkemusikkarkiva nyttar, er utdatert og i ferd med å bli utfasa. Med dette misser arkiva sitt viktigaste verktøy. 2) Arkiva har ulik praksis kring det å gjere materialet tilgjengeleg. 3) Stillingsressursar til samlingsforvaltning har blitt bygd ned over tid.

Konklusjon:

Det er behov for å etablere ein overordna nasjonal struktur som sikrar ei naudsynt oversikt over den samla samfunnsdokumentasjonen som lokale og regionale arkiv forvaltar på feltet. Ein nasjonal institusjon bør få mandat til å utvikle og drifte eit fagsystem med publiseringsløyning. Vidare er det behov for ei utgreiing av kva moglegheiter folkemusikkarkiva har til å gjere dokumentasjonen tilgjengeleg for ålmenta.

Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Det er viktig å bli kjend med mangfaldet av kultur, musikk og dans vi har i landet vårt. Folkemusikk og folkedans er meir enn berre dei tradisjonelle norske uttrykka. Det er difor viktig med møteplassar der mangfaldet kan få blomstre. Samtidig er det viktig at etablerte miljø er opne for nye deltakarar med annan bakgrunn enn ein er van med frå før.

Fleire stader i fylket vert det arrangert Bornas verdsdag, ein internasjonal familiefestival med kulturuttrykk frå heile verda. Dette er eit viktig bidrag i arbeid med mangfald og inkluderer fordi det blir ein møtestad på tvers av kulturbakgrunn og sosial status. Fargespel er eit anne døme som har potensiale som modell for andre mangfalds- og inkluderingsprosjekt.

Å sjå ut over landegrensa er like naturleg for folkemusikk og folkedansfeltet som for andre sjangrar. I Vestland fylke har Førdefestivalen gjort dette for oss ved å hente verda til Førde. Mange møte har blitt skapt, mellom utøvarar og publikum, og utøvarar i mellom. Det har også gitt inspirasjon og styrke til feltet både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mykje internasjonalt samarbeid skjer i regi av lokale lag og organisasjonar. Det er viktig at kommunane gjev lokale lag og organisasjonar gode rammevilkår for sin aktivitet slik at denne type utveksling er mogleg å gjennomføre.

Ole Bull akademiet tilbyr eit nordisk masterstudium i folkemusikk i samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Sverige, Danmark og Finland. Det gjev studentane innsyn i ulike nordiske tradisjonar. Det er viktig at studentar innan folkemusikk har tilbod om utveksling som del av si utdanning.

Konklusjon

Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Møteplassar som stimulerer mangfald og inkludering må difor vektleggast.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:

Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019- 2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for feltet.

Innspel til arbeid med strategi for folkemusikk og folkedans frå Vestland fylkeskommune til Kulturdepartementet

November 2020

Departementet har sett opp fem punkt ein særleg ønskjer innspel knytt til:

- Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?
- Korleis kan det best leggest til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?
- Korleis kan det best leggest til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet?
- Korleis kan ein best legge til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?
- Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Fylkeskommunen har eit regionalt kulturpolitisk ansvar også for folkemusikk- og folkedansfeltet, og forvaltar ulike ordningar på regionalt nivå som er relevante feltet. Vi gir driftsstøtte til viktige aktørar innan dette feltet og har elles tilskotsordningar til prosjekt og tiltak, ansvar for DKS og UKM, fylkesarkiv med eit eige musikkarkiv og muskarordningar med folkemusikk. Vestland fylkeskommune ser det difor som naturleg å komme med innspel knytt til alle punkta departementet har sett opp.

Vestland fylkeskommune meiner at det i fylket vårt er mange viktige og gode tiltak og ordningar som styrkar feltet, og som også kan vere modell for andre regionalt og nasjonalt.

Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?

I følgje kulturlova skal staten fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet. Fylkeskommunen skal syte for relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt. Kommunane har tilsvarende ansvar lokalt.

For å best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere til mangfald og fornying, er det viktig at ansvaret blir fordelt og plassert på alle dei tre nivåa.

Ein strategi for folkemusikk og folkedans må ta utgangspunkt i folkemusikken og – dansen sin eigenart. På dei tradisjonelle møteplassane er det lite avstand mellom utøvar og publikum, ein er alle deltakarar, på dansefestar og på kappleikar. Gjennom sosialt samvær har dansen og musikken utvikla seg, blitt overført til nye generasjonar og overlevd. Folkemusikken og folkedansen er hovudsakleg ein sosial praksis.

For å ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere til mangfald og fornying må ein vere bevisst dette og legge til rette det gjennom verkemiddel og tiltak. Folkedansen som sosial samværsform står svakt med få arenaer for utøving og stort behov for rekruttering. Her er det behov for å ta grep på alle nivå.

Det har i lang tid føregått ei profesjonalisering av feltet som har løfta musikken og dansen opp på scener og ut i verda. Det har gitt nye former som skil seg frå dei tradisjonelle. Folkedans på scene er ulike den sosiale samværsdansen og blir difor ofte kalla scenisk folkedans. Musikken frå den profesjonelle scena treng ikkje å kunne dansast til og nye former blir presenter. Dette skjer med forankring i den tradisjonelle utøvinga.

Vestland fylkeskommune har etablert ei eiga stipendordning for folkemusikk. Stipendordninga kan tildelast muskarar, songarar, dansarar og dei som arbeider med dokumentasjon, formidling eller

instrumentbygging. To stipend er sett av til søkjarar under 30 år, og eitt til andre søkjarar. Hordaland har hatt ei eiga ordning med folkemusikkstipend, medan ein i Sogn og Fjordane har søkt ordinære kunstnarstipend.

Ein har pr. i dag ikkje eit tilsvarande verkemiddel nasjonalt. Det er heller ikkje andre ordningar retta spesielt mot feltet frå staten eller kulturrådet si side. Det er difor behov for at ein ser på eksisterande ordningar med blick på folkemusikk- og folkedansfeltet sine behov.

Vestland fylkeskommune samarbeider med fire vertskommunar om fem folkemusikkstillingar som del av distriktsmusikarordninga. Stillingane inneheld 50% utøving og 50% undervisning i kulturskular. 75% av stillingane er finansiert av vertskommunane medan fylkeskommunen finansierer 25% som utgjør 50% av utøvardelen. I utøvardelen yter ein tenester til ulike kulturaktørar i fylket. Ordninga er med på å sikre rekruttering på folkemusikken sin premissar og gjev profesjonelle utøvarar høve til å bruke kompetansen sin i fylket.

Vestland fylkeskommune har også teke ansvar for oppgåva med å forvalte dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar på regionalt nivå. I dag ligg tenesta til avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon arkiv. Ved bruk av ny teknologi har vi etablert [Webarkiv for musikk](#), der publikum kan gjere søk i tradisjonsmusikksamlinga med over 15 000 lydopptak. Dette materialet tener som kunnskapsgrunnlag og inspirasjon for ei rekkje ulike brukargrupper, og er stadig del av både forskings- og formidlingsprosjekt. Fylkesarkivet yter dessutan rådgjevingstenester til både brukarar og innsamlarar/arkivskaparar.

Gjennom driftstilskot til regionale institusjonar og organisasjonar i Vestland, er fylkeskommunen med på å sikre aktivitet, formidling og rekruttering. Organisasjonar og institusjonar på regionalt nivå er igjen avhengig av at staten tar eit ansvar nasjonalt og sikrar nasjonale organisasjonar gode rammevilkår.

Vidare må kommunane ta eit ansvar for å sikre gode vilkår for folkemusikken og folkedansen i eige område gjennom støtte til lag og foreiningar, organisert opplæring og formidlingsarenaer/lokale for aktivitet. Ei styrking av kulturskulane si rolle i opplæring står sentralt.

Fleire museum er viktige aktørar for folkemusikkfeltet. Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum gjekk i 2016 saman om satsinga [hardingfela.no](#). Hovudmål er mellom anna å gje hardingfelemiljøet gode vekstvilkår, auke interessa og forståinga for hardingfela, folkemusikken og dansen lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei skal sikre at tradisjonar og handlingsboren kunnskap kring instrumentbygging, musikk og dans vert dokumentert og vidareført. Fylkeskommunen har støtta dette initiativet med utviklingsstøtte i startfasen og no gjennom årlege driftstilskot. Det ligg eit stort potensiale i å utvide [Hardingfela.no](#) sitt nedslagsfelt til også tidlegare Sogn og Fjordane der folkemusikk- og folkedanstradisjonen også står sterkt. Vestland fylkeskommune ser positivt på at Hardanger og Voss museum i forlag til statsbudsjett for 2021 har fått auka tilskot for å styrke museet si satsing på immateriell kulturarv og vidareføre museets samarbeid med Ole Bull Akademiet. Dette er med på å sikre vidare arbeid med [Hardingfela.no](#).

Den norske folkemusikken er ein stor og naturleg del av programmet på Førdefestivalen. Festivalen har gjennom åra som knutepunktinstitusjon tatt eit nasjonalt ansvar for feltet. Festivalen legg vekt på å få fram unge musikarar og nye produksjonar med utøvarar frå heile landet. Vestland fylkeskommune ser det som viktig at festivalen også i fortsettinga får rammevilkår til å vidareføre dette arbeidet.

Vossajazz har gjennom mange år vore viktig også for folkemusikkfeltet, og har i sine vedtekter at dei skal femne om både jazz, folkemusikk og verdsmusikk i sin profil. Ikkje minst har dei vore ein viktig aktør og formidlar av den meir sjangeroverskridande musikken, noko som har vore med å legge grunnlaget for kvaliteten i og det internasjonale gjennomslaget for i norsk jazz og improvisert musikk. Osafestivalen, også på Voss, er ein noko mindre, men også viktig aktør som er med på å utvikle musikk med røter i folkemusikken.

Det er viktig å ha eit godt utbygd arrangørnettverk for å sikre heilårlege arenaer for formidling av folkemusikk og folkedans. Her spelar kommunane ei viktig rolle ved å legge til rette for å støtte lokale lag og organisasjonar som også står som arrangørar for konsertar og andre arrangement.

Det er vidare behov for at kulturrådet ser på sine tilskotsordningar for arrangørar med eit blikk på folkemusikkfeltet.

På mindre stader kan det vere naudsynt med sjangeroverskridande arrangørar og samarbeid for å få arrangørar med eit visst volum og god kvalitet.

Vestland fylkeskommune ser eit stort potensiale i at festivalar kan ta eit større heilårleg ansvar for feltet slik m.a. Førdefestivalen har gjort gjennom Folkjazzscena. I Bergen tilbyr Folkemusikkklubben Columbi Egg eit variert heilårleg program frå si folkemusikkscene. Med fleire heilårlege arrangørar regionalt får ein automatisk eit større nasjonalt nettverk for turnéar med folkemusikk og folkedans.

Når det gjeld fornying og nyskaping, vil det vere viktig å legge til rette for at arenaer innan rytmisk musikk også får tilført kompetanse innan folkemusikk og -dans, slik at ein får stimulert den nyskapande delen av musikklivet til etablering av større grenseflater mellom til dømes pop/rock, klassisk, jazz, samtidsmusikk og folkemusikk.

Det bør også sjåast på kva rolle regionale kompetansesenter kan spele for folkemusikkfeltet. I Vestland har vi Brak, som skal dekke ulike musikksjangrar – inklusive folkemusikk. Då det i 2017 vart gjort ei gjennomgang av dei regionale kompetansesentera for musikk såg m.a. Vestnorsk jazzsenter eit potensiale for å kunne inkludere folkemusikkfeltet i sitt verkeområde. Desse regionale kompetansesentera kan vere ei støtte både for musikarar og arrangørledd.

Bergen dansesenter er eit regionalt kompetansesenter for dans som også kan ta eit regionalt ansvar overfor folkedansen. Dei har alt i dag etablert samarbeid med mellom anna hardingfela.no. Senteret ønskjer også å etablere eit formidlingsnett for dans i Vestland der folkedansen også bør ha ein plass. Det er eit ønskje frå Vestland fylkeskommune at Bergen dansesenter får eit større regionalt ansvar for dansefeltet i Vestland fylke.

Digitale kanalar er og blir viktige også for folkemusikk- og folkedansfeltet. Å stimulere og legge til rette for digitaliseringsprosjekt innan folkemusikk og folkedans på nasjonalt nivå kan vere med å stimulere til mangfald og fornying. Digitale plattformer skapar i dag rom for utveksling av idear og døme på nyskapande innfallsvinklar. Det er behov for å påverke programvareutviklarar innan musikkteknologi og -notasjon, for å legge betre til rette for folkemusikk, til dømes når det gjeld instrumentpreferansar og -krav.

Korleis kan det best leggst til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?

For å sikre rekruttering og opplæring innan folkemusikk og folkedans treng ein verkemiddel knytt til dette. Både organisasjonar, institusjonar, kulturskulen, vidaregåande skular og DKS er viktige i arbeidet. Ein treng arenaer der barn og unge kan møte folkemusikken og folkedansen for å bli inspirert, få kunnskap og opplæring. Ved å leggje til rette for opplæring på folkemusikkinstrument og folkedans i kulturskule og vidaregåande skule (musikk, dans, drama), og ved å styrke folkemusikk og folkedans i tilbodet i Den kulturelle skulesekken, vil ein kunne inspirere barn og unge til å ta ein meir aktiv del i sin eigen immaterielle kulturarv.

I Vestland fylke er det i dag fem folkemusikkstillingar som del av ei distriktsmusikarordning. Desse stillingane består av 50% undervisning og 50% utøving. Musikarane er tilsette i 4 ulike kommunar, og 75% av stillingane er finansiert av desse. Vestland fylkeskommune finansierer 25% av stillingane. Gjennom denne ordninga er fylkeskommunen saman med vertskommunane med på å sikre opplæring i folkemusikk i utvalde kulturskular i fylket.

Folkemusikkmiljøet har gitt tilbakemelding om at det også er ønskjeleg med distriktsmusikarstillingar innan folkedans, gjerne med eit større regionalt arbeidsområde. Rekrutteringa til folkedansen står svakt, og stillingar knytt til opplæring og formidling vil vere med på å sikre eit opplæringstilbod. Dansen og musikken er knytt tett saman, og det kan difor vere naturleg å tenkje både ei dansestilling og ei musikkstilling knytt til dette arbeidet.

Vestland fylkeskommune ser på ordninga med distriktsmusikarar som vellukka. Gjennom eit utgreiingsarbeid knytt til musikarordningane i Vestland er det gjort vedtak om å kartlegge interessa

for å utvide distriktsmusikarordninga til fleire kommunar i fylket i samarbeid med kommunane. Det er difor uvisst pr. i dag om Vestland fylke vil få fleire distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk og folkedans.

I arbeid med opplæring og kompetanseheving står også folkemusikkarkiva sentralt. Samlingane inneheld ein brei dokumentasjon av historiske og notidige praksisar, og kan såleis tene som kunnskapsgrunnlag og inspirasjon for både eleven, studenten, pedagogen og forskaren. I lys av dette er det svært viktig at arkiva har verktøya og ressursane dei treng for å registrere og gjere materialet tilgjengeleg. Fylkesarkivet i Vestland har løyst sine behov for registreringsverktøy og publiseringsløyising med Webarkiv for musikk, og har med dette etablert ein digital plattform som gjer materialet betre tilgjengeleg for dei ulike brukargruppene. Vi kjem nærare inn på dette under spørsmål knytt til bevaring og arkivering.

For å sikre opplæring og kompetanseheving er det naudsynt at folkemusikken og folkedansen får ein styrka status innan både høgskule og universitet. Pr. i dag er det ikkje mogleg å ta høgare utdanning innan folkedans, medan det innan folkemusikk er fleire utdanningsløp. Griegakademiet og Ole Bull Akademiet har eit samarbeid om eit utøvarstudium på bachelornivå og eit masterstudium med nordisk profil, men ein kan tenkje at Griegakademiet også skal kunne ha ei eiga linje for folkemusikk og folkedans på lik linje med linjer for jazz og klassiske studieretningar. Det same gjeld Høgskulen på Vestlandet.

Staten bør legge føringar på korleis folkemusikken og folkedansen sin plass på alle nivå i utdanningssystemet skal sikrast. Ein tek ofte opp samspelet mellom det profesjonelle og det frivillige musikklivet som viktig. Minst like viktig er samspelet mellom folkemusikk og andre sjangrar. Både NMH og Griegakademiet tilbyr høgare utdanning innan folkemusikk, men her må det gjerast ein innsats for at folkemusikk og -dans skal kunne fungere side om side med andre sjangrar, slik som det til dømes vert gjort i både Sverige og Finland. Det todelte målet bør vere å legge til rette for nyskaping samstundes med at ein tek vare på og forvaltar det tradisjonelle.

Digital kompetanse har mykje å seie for å ivareta folkemusikk og folkedansfeltet, både når det gjeld dokumentasjon, vidareutvikling, nyskaping og formidling. Ikkje minst gjeld dette i vår tid, når utøvarar vert nøydde til å tenkje alternativt når det gjeld ulike måtar å nå ut til publikum. Innan folkemusikkfeltet har det vore ein gjennomgåande tendens til at utøvarar og formidlarar ikkje har prioritert det digitale feltet. Dette kan ha fleire årsaker, men ei viktig forklaring er at eigenarten til uttrykket i ein tradisjonell samanheng har vore ei avgrensing. Ved å styrke kompetansen på dette feltet samstundes med at ein tek vare på det autentiske og tradisjonsberande, vil ein kunne utvide målgruppene. Ikkje minst gjeld dette innan rekruttering i høve born og unge, som på dei fleste område alt har eit aktivt forhold til bruk av digitale verktøy, applikasjonar og plattformer.

**Korleis kan det best leggst til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet?
Korleis kan ein best legge til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?**

Folkemusikkarkiva – eit fragmentert felt

Arkiva sine oppgåver er å sikre, bevare og gjere tilgjengeleg dokument som er produsert og skapt i og av samfunnet vårt. Ein heilskapleg og samla samfunnsdokumentasjon omfattar også kulturhistoria i form av immaterielle kulturminne, som handlingsboren kunnskap og tradisjonelle kulturuttrykk.

Det vi i daglegtalet omtalar som dei norske folkemusikkarkiva er i røynda ei lite homogen gruppe samlingsforvaltarar med tilhøyr innan både ABM-sektoren og høgskule-/universitetssektoren.

Slik ligg oppgåver knytt til bevaring og formidling av kjeldemateriale som dokumenterer tradisjonelle musikk- og dansepraksisar hos institusjonar som har ulik historikk, organisering og finansiering. Vidare er det stor variasjon i kva kontekst kjeldematerialet og samlingane er skapt i, og tilhøvet mellom eigarskap og driftsansvar.

Folkemusikkarkiva i Vestland

I Vestland er det fleire institusjonar som forvaltar folkemusikksamlingar, og blant dei større aktørane vel vi å peike på desse:

- **Vestland fylkeskommune / Fylkesarkivet i Vestland** (tidl. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, etablert i 1983) er ein regional arkivinstitusjon som på privatarkivområdet forvaltar spesialsamlingar for foto, musikk, stadnamn, med meir.

Innan musikk arbeider arkivet med bevaring og formidling av kjeldemateriale som dokumenterer musikk- og dansetradisjonar i fylket, og tradisjonsmusikksamlinga omfattar over 15 000 lydopptak av utøvarar hovudsakleg i/frå Sogn og Fjordane sine musikkframføringar. I tillegg forvaltar arkivet notesamlingar og noko audiovisuell dokumentasjon av danseframføringar. Lyd-/AV-materialet er digitalisert i sin heilskap.

- **Universitetet i Bergen v/ Universitetsbiblioteket og Griegakademiet** høvesvis eig og driv folkemusikksamlinga **Arne Bjørndals Samlinger**. Vestnorske folkemusikktradisjonar er eit prioritert ansvarsfelt for denne samlinga, men verksemda femner både nasjonalt og internasjonalt. Samlinga vart etablert i 1950, og omfattar lyd- og videodokumentasjon av musikk- og danseframføringar, og ei omfattande skriftsamling. Både lyd- og manuskriptsamlinga er i all hovudsak digitalisert.
- **Hardanger folkemuseum** er vertskap for **Hardanger folkemusikksamling**, som er eit regionalt arkiv for folkemusikk i Hardanger. Samlinga omfattar om lag 8 000 lydopptak med utøvarar i/frå Hardanger sine musikkframføringar, samt videoopptak av danseframføringar. Samlinga vart etablert i 1984 og er eit samarbeidstiltak mellom Hardanger Spelemannslag, Hardanger folkemuseum, Spelemannslaget Kvemmingen og Hordaland Ungdomslag. Lydsamlinga er digitalisert i sin heilskap.
- **Ole Bull Akademiet** eig og forvaltar **Osasamlinga**, som er ei lyd- og notesamling etter Sigbjørn Bernhoft Osa. Ole Bull Akademiet har samarbeid med Arne Bjørndals Samlinger om forvaltning av samlinga.

Materialet i desse samlingane representerer både kvar for seg og til saman ein svært viktig dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar på heile Vestlandet frå slutten av 1800-talet og fram til i dag. Fleire av folkemusikkarkiva driv dessutan aktiv samfunnsdokumentasjon gjennom feltarbeid der dei dokumenterer framføringane til nolevande utøvarar. Materialet i samlingane er difor verdfullt i både bevaringsperspektivet og endringsperspektivet.

Folkemusikkarkiva sine utfordringar

Rapportane [«Situasjonen for de norske folkemusikkarkivene» \(Aksdal, Lønnestad, Thedens 2013\)](#) og [«Fremtidens folkemusikkarkiv. Digital utfordringer» \(Viken 2014\)](#) inneheld utførlege utgreiingar av situasjonen for norske folkemusikkarkiv, og peikar på ei rekkje utfordringar som framleis er aktuelle. Dels kan vi forstå utfordringane som eit resultat av korleis feltet er organisert, og kva ressursar det rår over.

Vestland fylkeskommune ønskjer å peike særleg på tre utfordringar:

1) Fagsystem

Dei fleste arkiva har i dag heilt eller delvis erstatta sine analoge kartotek, arkivlister og katalogar med digitale fagsystem. Desse systema er avgjerande for å kunne ha oversikt over og finne att materialet som er registrert.

Eit fagsystem forstår vi som eit spesialisert IT-system som forenkler og automatiserer registrering av dokumentasjon. Dokumentasjon av folkemusikk- og dansepraksisar, det vil seie AV-materiale eller notemanuskript, vil misse noko av verdien sin dersom informasjon om konteksten for praksisen ikkje blir registrert. Slik er det avgjerande at fagsystemet gjer det mogleg å registrere slik data på ein føremålstenleg måte.

Svært mange av folkemusikkarkiva i Norge har nytta fagsystemet FIOLO, som er utvikla spesielt for dette formålet. Dette fagsystemet er utdatert og i ferd med å bli fasa ut, og desse arkiva vil med dette miste tilgang til eit eigna fagsystem.

Vestland fylkeskommune lanserte i november 2020 «[Webarkiv for musikk](#)», og dette er ei vidareføring av fylkesarkivet si årelange satsing på nettløysingar med funksjon både som registreringsverktøy for arkivaren og visningsside for publikum. I webarkivet kan publikum gjere søk i registrerte lydopptak, og for om lag 1/3 av katalogen er det produsert lytteprøver. Dataplattformen er hylleware, medan brukargrensesnittet er utvikla spesielt for forvaltning og formidling av våre samlingar.

Med det nye webarkivet har vi etablert ein plattform som støyr fylkesarkivet sitt behov for eit fullverdig registreringsverktøy, og som sikrar publikum til ei kvar tid kan få oversikt over kva materiale som er registrert i tradisjonsmusikkksamlinga.

Vi ser det likevel som føremålstenleg at det i tillegg finst ei felles nasjonal løysing der alle arkiva får høve til å lese inn og dele data. På denne måten kan vi få ei oversikt over det faktiske tilfanget i samlingane i heile landet, og aktørar på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå er sikra tilgang til eit fagsystem.

2) Å gjere materialet tilgjengeleg

Materialet i folkemusikkarkiva er skapt i ei rekkje ulike kontekstar; Noko er skapt som resultat av forskingsarbeid, noko som resultat av uavhengige privatpersonar si innsamlingsverksemd, og noko som resultat av programproduksjon til dømes i NRK. Vidare kan det vere komplekse forhold kring eigarskap til materialet.

I Norge er det åndsverkloven som regulerer opphavsrett og nærståande rettar, og dette lovverket står difor heilt sentralt i vurderingar av kva materiale som kan gjerast tilgjengeleg for ålmenta, og på kva måte det kan skje.

Men det er ikkje åndsverkloven som åleine som regulerer dette. Forskingsetiske vurderingar ligg til grunn for avgjerder om materiale skap i samband med forskning, og privatrettslege avtalar mellom samlingseigar og samlingsforvaltar spelar også inn.

Juridiske og forskningsetiske vurderingar er både kompliserte og komplekse, og på feltet ser vi ulike praksisar for slike vurderingar. Dette får konsekvensar for om materialet blir gjort tilgjengeleg, på kva måte og for kven.

3) Stillingsressursar til samlingsforvaltning

Ein generell tendens for mange av folkemusikkarkiva er at stillingsressursar knytt til samlingsforvaltning har blitt bygd ned over tid.

Fleire av samlingane er forvalta av institusjonar som har eit breiare samfunnsoppdrag og mandat enn dei reine arkiva. For desse gjeld såleis at samlingsforvaltning er berre ei av fleire oppgåver lagt til stillingane som har ansvar for samlingane.

I konkurranse med til dømes formidlings-, forskings- og undervisningsoppgåver får den meir «usynlege» samlingsforvaltninga difor hard konkurranse i kampen om å bli prioritert.

Løysingar – korleis legge til rette

I «NOU 2019: 9 Fra kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver» foreslår arkivlovutvalet at fylkeskommunane skal få eit lovfesta ansvar for å koordinere det regionale arbeidet med privatarkiv.

Vestland fylkeskommune helsar eit slikt lovfesta ansvar velkomen, då dette kan vere med på å sikre ei nødvendig utvikling og fornying av privatarkivfeltet. Fylkeskommunen ser likevel at det kan vere behov for ein nasjonal bevaringspolitikk for dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar.

Vidare meiner fylkeskommunen det er behov for å gje ein nasjonal institusjon ansvaret for å utvikle og drifte eit spesialtilpassa digitalt fagsystem og publiseringsløyising for denne type dokumentasjon. Fleire aktørar på folkemusikk- og –dansefeltet peikar på Nasjonalbiblioteket, og fylkeskommunen stiller seg bak dette.

Fylkeskommunen ser også at det kan vere behov for ei grundig utgreiing av kva moglegheiter samlingsforvaltarane har til å gjere dokumentasjonen tilgjengeleg digitalt, med dei avgrensingane som ligg i åndsverkloven, privatrettslege avtalar og forskningsetiske vurderingar. Ansvaret for eit slikt utgreiingsarbeid bør ligge hos ein nasjonal institusjon, og Nasjonalbiblioteket bør med sin høge kompetanse på dette feltet vere ein aktuell kandidat.

Fylkeskommunen vil elles oppmode alle institusjonar som forvaltar samlingar om å prioritere ressursar til rein samlingsforvaltning.

Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Det er nødvendig og viktig å plassere seg sjølv i ein større samanheng enn berre den lokale, regional eller nasjonale for å sjå korleis ting heng saman. Ingenting oppstår og utviklar seg i ei boble. Å sjå ut over landegrensa er like naturleg for folkemusikk og folkedansfeltet som for andre sjangrar.

I Vestland fylke har Førdefestivalen gjort dette for oss ved å hente verda til Førde. Mange møte har blitt skapt, mellom utøvarar og publikum, og utøvarar i mellom. Det har også gitt inspirasjon og styrke til feltet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Elles i fylket har og m.a. Festspillene i Bergen og andre festivalar og aktørar gjort dette – om enn meir sporadisk og som ein del av ein breiare profil.

Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Det er viktig å bli kjend med mangfaldet av kultur, musikk og dans vi har i landet i dag. Folkemusikk og folkedans er meir enn berre dei tradisjonelle norske uttrykka. Det er difor viktig med møteplassar der mangfaldet kan få blomstre. Samtidig er det viktig at etablerte miljø er opne for nye deltakarar med annan bakgrunn enn ein er van med frå før.

Fleire stader i fylket vert det arrangert Bornas verdsdag, ein internasjonal familiefestival med kulturuttrykk frå heile verda. Dette er eit viktig bidrag i arbeid med mangfald og inkluderer fordi det blir ein møtestad på tvers av kulturbakgrunn og sosial status. Fargespel er eit anne døme som har potensiale som modell for andre mangfalds- og inkluderingsprosjekt.

Mykje internasjonalt samarbeid skjer i regi av lokale lag og organisasjonar. Mange reiser ut for å delta på ulike festivalar og arrangement i Europa og USA, eller tar i mot og er vertskap for utøvarar som kjem hit. Det er viktig at kommunane gjev lokale lag og organisasjonar gode rammevilkår for sin aktivitet slik at denne type utveksling er mogleg å gjennomføre.

Hordaland fylkeskommune har i mange år hatt samarbeid med Orknøyane og Edinburgh. Vestland fylkeskommune vidarefører dette samarbeidet. Som ein del av samarbeidet har folkemusikarar halde konsertar og workshops, spesielt på Orknøyane.

Ole Bull Akademiet tilbyr eit nordisk masterstudium i folkemusikk i samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Sverige, Danmark og Finland. Det gjev studentane innsyn i ulike nordiske tradisjonar. Det er viktig at studentar innan folkemusikk har tilbod om utveksling som del av si utdanning.